



MØTEBOK

Organ	Hovudutval for kultur
Møtestad	Storehagen Atrium, Førde, møterom Fjaler
Møtedato	29.10.2014
Kl.	10.00 – 12.45

Faste medlemmer til stades:

Nils Gjerland, SP, leiar
Jan Olav Fretland, SV, nestleiar
Anita Nybø, Sp
Torbjørn Vereide, Ap
Eva Hage Solstad, Ap
Liv Stave, H
Trude Brosvik, KrF
Lars-Svein Drabløs, Frp

Forfall til møtet:

Marit Barsnes Krogsæter, V

Varamedlemmer til stades:

Siv Langøen Rotevatn, V
Olaug Solheim Rotihaug, Ap

Til stades med møte- og talerett:

Fylkesdirektør Ingebjørg Erikstad

Sekretariat for møtet:

Jarlaug Lauritsen

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møtebok frå 23.09.14 vart godkjend utan merknader.

Torbjørn Vereide deltok ikkje ved handsaming av sakene 51/14 til 54/14.
Olaug Solheim Rotihaug møtte som varamedlem.

SAK 51/14 Tildeling av spelemidlar 2014, klage frå Førde kommune

VEDTAK:

1. Klaga frå Førde kommune over hovudutval for kultur sitt vedtak i sak 29/14 om avslag på søknad om spelemidlar 2014 til Hafstadparken vert ikkje teken til følgje.
2. Saka vert sendt Kulturdepartementet som klageinstans for endeleg avgjerd.

SAK 52/14 Tildeling av spelemidlar 2014 - klage frå Stryn kommune

VEDTAK:

1. Klage frå Stryn kommune over hovudutvalet sitt vedtak i sak 29/14 om avslag på søknad om spelemidlar 2014 til klatrepark ved Oppstryn skule vert ikkje teken til følgje.
2. Klagen vert sendt Kulturdepartementet som klageinstans for endeleg avgjerd.

SAK 53/14 Aurland - gb. 55 bnr. 2 Nedberge (Nedbergo) - omfordeling av midlar frå statsbudsjettet kap 1429 post 72.9 Verdsarv

VEDTAK:

Ubrukte midlane til restaurering av løa på bruk 2 på Nedbergo vert omfordelt til restaurering av ostebu og fjøs på gb. 55/2 Nedbergo.

SAK 54/14 Økonomiplan 2017-2019 - utgreiingar i høve mogleg langsiktige innsparingstiltak

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesdirektøren rår hovudutval for kultur til å gje slik gjere slikt vedtak:

1. Hovudutval for kultur ber om utgreiingar som syner konsekvensar og mogleg innretning av følgjande langsiktig budsjettreduksjonar på kulturfeltet:

Programområde:	Utgreiingsramme:
Frivillig sektor (programområde 775 og 790)	2,0 mill kroner
Kulturformidling (programområde 740 og 771)	5,5 mill kroner
Kulturarv (programområde 750 og 760)	5,0 mill kroner
Kunstproduksjon (programområde 772)	4,5 mill kroner
SUM	17,0 mill kroner

2. Fylkeskommunen sitt arbeid med Ungdommens kulturmonstring, fylkesting for ungdom og ungdomspolitisk utval skal prioriterast vidare framover, og treng ikkje vere del av utgreiingsarbeidet.
3. Målekart for kultur 2015, jf vedlegg 2, vert godkjent.

Endringsframlegg:

Hovudutvalet sette fram slikt framlegg til innleiing i tilrådinga frå fylkesdirektøren: «Hovudutvalet for kultur viser til sitt prinsipielle syn slik dette er formulert i punkt 1 i vedtaket i HK-sak 50/14».

Avrøysting:

Hovudutvalet sitt endringsframlegg og tilrådinga frå fylkesdirektøren vart samrøystes vedtekne.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Hovudutvalet for kultur viser til sitt prinsipielle syn slik dette er formulert i punkt 1 i vedtaket i HK-sak 50/14.

1. Hovudutval for kultur ber likevel om utgreiingar som syner konsekvensar og mogleg innretning av følgjande langsiktig budsjettreduksjonar på kulturfeltet:

Programområde:	Utgreiingsramme:
Frivillig sektor (programområde 775 og 790)	2,0 mill kroner
Kulturformidling (programområde 740 og 771)	5,5 mill kroner
Kulturarv (programområde 750 og 760)	5,0 mill kroner
Kunstproduksjon (programområde 772)	4,5 mill kroner
SUM	17,0 mill kroner

2. Fylkeskommunen sitt arbeid med Ungdommens kulturmonstring, fylkesting for ungdom og ungdomspolitisk utval skal prioriterast vidare framover, og treng ikkje vere del av utgreiingsarbeidet.
3. Målekart for kultur 2015, jf vedlegg 2, vert godkjent.

Eva Hage Solstad gjekk frå som ugild i denne saka.

SAK 55/14 Oppnemning av styremedlemer og styreleiar til Stiftinga Førde Internasjonale Folkemusikkfestival 2015 - 2016

VEDTAK:

Som medlemer til styret for Stiftinga Førde Internasjonale Folkemusikkfestival i 2015 – 2016 vert valde:

Medlem: Kristin Hille Valla
Vara: Kjetil Solvik

Medlem: Ivar Svensøy
Vara: Margun Masdal

Medlem: Mari Andrea Ness

Vara: Liv Judith Straume

Som styreleiar for Stiftinga Førde Internasjonale Folkemusikkfestival i 2015 – 2016 vert vald:
Kristin Hille Valla

SAK 56/14 Møteplan 2015 - hovudutval for kultur

VEDTAK:

Tysdag 10. februar
Onsdag 25. mars
Tysdag 28. april
Tysdag 2. juni Terialrapport 1/2015
Tysdag 25. august
Tysdag 29. september Terialrapport 2/2015, budsjett 2016 / økonomiplan 2016 – 2019
Tysdag 27. oktober
Tysdag 24. november Budsjett 2016 / økonomiplan 2016 – 2019

SAK 57/14 Skriv og meldingar - hovudutval for kultur 29.10.2014

Følgjande skriv, meldingar og orienteringar vart handsama:

1. Tid og stad for LNK-landstinget 2015, epost frå Vidar Høviskeland
2. Høyring- Retningslinjer for budsjettering av arkeologiske registreringar og gjennomføring av undersøkingsplikt i henhold til kulturminneloven §9, jf §10
3. Svar: Høyring- Retningslinjer for budsjettering av arkeologiske registreringar og gjennomføring av undersøkingsplikt i medhald av kulturminneloven §9, jf §10
4. Kystpilegrimsleia - rapport frå Trude Brosvik
5. Invitasjon til Barnelitterær formidlingsfest 12. nov. i Førde
6. Fylkeshistorie for Sogn og Fjordane - rapport frå arbeidet
 - a: Framdriftsrapport
 - b: Oppdatert publikasjonsliste
 - c: Referat frå møte i styringsgruppa for fylkeshistorie for Sogn og Fjordane
7. Kulturstrategi 2015 - 2018 - framdrift endeleg vedtak
8. Frivillighetsprisen 2014 - svarbrev
9. Tabell 17.7 - Nasjonale og regionale nynorskinstitusjonar i statsbudsjettet
10. Nynorskprioriteringar i statsbudsjettet 2015
11. Statsbudsjettet 2015 – løyvingar/endringar. Notat frå fylkesdirektøren (lagt fram i møte).